




*Så held me då den høge fest med hjartans fred og fagnad. Vår Herre sjølv  
me bed som gjest. Han gjer so ljøs vår lagnad. Han er nådens sol og glans.  
No strålar dag or grava hans, og dødens natt er omme. Halleluja!*

Nr. 1

61. årgang

Påske 2020



### *- Kristus er oppstanden – Ja, han er sannelig oppstanden*

Denne påskedagshelsinga stammar frå oldkyrkja og dei er del av kyrkja sin praksis også i dag på påskedag. Kva er det den fortel?

Andakten til påske i år skal handle om håpet som ikkje er av denne verda. Har du tenkt på at tru og håp ikkje

treng være ei intellektuell øving, noko som foregår i hovudet eller i ei verd for seg, men at trua og håpet lever midt i problemene, i kvardagane, i det livet kvar av oss er gitt å leve?

I romerbrevet 8:19-21 les me at Alt som er skapt, lengtar og stundar etter at Guds

born skal openberrast i herlegdom. For - skapningen er lagd under forgjengelegdom, ikkje av eigen vilje, men etter hans vilje som gjorde det så. Likevel var det håp, for det skapte skal verta frigjort frå slaveriet under det forgjengelege og få den fridom som Guds born skal eiga i herlegdomen.

Motivet i teksten er herlegdomen som eingong skal openberrast og bli vår, og at alt som er skapt lengtar etter nettopp dette. Herlegdomen er at det vonde er borte og berre Gud er. Herlegdomen er at vi skal sjå Gud og være hjå Gud, og det skal vare evig. Dette er det fullkomne.

Draumen om dette - håpet - er lagt ned i oss frå Skaparen si side. Fordi me er skapte i Guds bilete har me føresetnader for å vite at det er noko meir enn det me kan sjå og ta på i skaparverket. Gud sjølv har lagt dette ned i oss, og me har kalla det håp og tru. Me har evne til å tru fordi Gud har skapt oss med den evna.

Ein kan sjå dette slik: Skaparverket, til dømes naturen, kjenslene, kjærleiken, mennesket, er alle som kopier av originalen i himmelen, men med ein viktig skilnad: Me og alt som er skapt skal dø. Eller som Paulus seier det, «Skapningen er lagt under forgjengelegdom». Døden blir slik klimaks, toppen

på forgjengelegdom, det siste som skjer før «Guds born skal openberrast i herlegdom» jfr. Paulus. Eller før me skal sameinast med originalen i himmelen.

Det eg gjerne vil ha fram er at det jordiske og det himmelske høyrer tett saman. Dette poenget kom tydeleg fram då Gud valde å bli fødd og Jesus var på jorda i kjøt og blod, før han fullførte oppdraget ved å dø på krossen, vinne over døden og stå opp frå dei døde tredje dagen.

- Kristus er oppstanden  
- Ja, han er sannelig oppstanden.

Trua på Jesus og håpet om Guds herlegdom bind det jordiske og det himmelske tett saman. Dette håpet i seg sjølv, er ei enorm ressurs; Den er næring for livet på linje med mat og drikke. Me treng det for å leve!

Men dette er altså ikkje håp som byggjer på erfaring. Skulle me byggje håpet på erfaring, kunne me ikkje kalle det håp;

livet og erfaringa er lagt under forgjengelegdom, men det er ikkje håpet! Dette håpet kan kanskje best beskrivast med den kjensla ein får dersom ein ser gjennom eit nøkkehø. Dette håpet er å kikke inn i Guds herlegdom.

Håpet er ikkje av denne verda, det bér Gud og evigheten i seg. Eg trur Piet Hein tenkte på det då han skreiv dette grukket:

*Pessimistene er jo de reneste tåper som tror på det motsatte av det de håper.*

*Nei, de optimister der livet beror på er de som tør håpe på noget de tror på.*

## God påske!

Ingebjørg Vik Laugaland  
Sokneprest i Vang



*Framsida: Sokneprest Ingebjørg Vik Laugaland gjer seg klar til å halda gudstjeneste på Facebook, 21. mars 2020. Av tekniske årsakar vart fyrste direktesending av gudstjeneste på Facebook innspelt på Heensåsen, der hastigheita på nettet er høg nok.*

### VANG KYRKJE

Tyinvegen 5145  
2975 Vang i Valdres

Klokkar: Helge Lajord  
Kyrkjetenar: Ola Bøland  
Soknerådsleiar: Rita Helen Dalemark  
rita.helen.dalemark@vang.kommune.no

### HEENSÅSEN KYRKJE

Hensåsvegen 300  
2975 Vang i Valdres

Klokkar: Solveig Heimlid  
Kyrkjetenar: Tore Hovda  
Kyrkjevevje: Håkon Berge  
Soknerådsleiar: Steinar Frøyen  
steinar.froyen@gmail.com

### ST. TOMASKYRKJA

Filefjellvegen 715  
2978 Tyinkryssset

Klokkar: Ola Bøland  
Kyrkjetenar: Olav Bøland

### HØRE STAVKYRKJE

Hørevegen 350  
2973 Ryfoss

Klokkar: Geir Kongslie  
Kyrkjetenar: Andris Veflen  
Kyrkjevevje: Andris Kjøs  
Soknerådsleiar:  
Marta Bjørnøy Lalim  
martalalim@gmail.com

### ØYE KYRKJE OG ØYE STAVKYRKJE

Øyevegen 130/135  
2977 Øye

Klokkar: Ola Bøland  
Kyrkjetenar: Olav Bøland  
Kyrkjevevje: Ove Trøen  
Soknerådsleiar: Torild Øye  
torild1707@gmail.com

### TILSETTE:

Sokneprest:  
Ingebjørg Vik Laugaland  
Tlf. 926 53 320  
e-post: il597@kirken.no  
Kontakttid på Drengestøga:  
tirsdag til fredag kl. 09.00-15.00.

Kyrjekontoret på Kommunehuset  
Dagleg leiar: Guro Hovda  
Tlf: 61 36 95 90  
e-post: gh575@kirken.no  
Kontortid man-tor 08.30-15.30

Kantor i alle kyrkjer: Arthur Būdvytis

Kyrkjegardsarbeidar ved alle kyrkjer:  
Nils Bjarne Wangensteen  
Tlf: 926 67 124

Felles e-post: post.vang@kirken.no

Neste Menighetsblad utkommer uke 25, frist for innsending av tekst og bilder er 20. mai 2020. Bidrag sendes på -post til [vangmenighetsblad@gmail.com](mailto:vangmenighetsblad@gmail.com)

### Korona

Torsdag 12. mars var en stusselig dag på kontoret. Vi hadde planlagt personalmøte om kvelden, der de ansatte skulle få kaffe og kringle, vi skulle snakke om en ny app med kalender, om brannberedskap, presentere nye ansatte og avtale tid for medarbeidersamtaler. Utover dagen skjønte jeg at vi ikke kunne samles på grunn av koronasmittetfaren. Så jeg sendte melding om at møtet måtte avlyses, og etter hvert ble det klart at alle gudstjenester måtte avlyses fram til påske – i første omgang, og begravelser og dåp kunne foregå med begrensa antall personer til stede.

Nå må vi gjøre det beste ut av det, og ta vare på hverandre til dette er over. Du kan ringe til Ingebjørg, presten vår, for å få en prat, og ellers anbefaler jeg å kikke på dette:

### Nettsider:

[www.nettkirken.no](http://www.nettkirken.no) - her kan du tenne et lys, be en bønn eller snakke med en prest på nettet.

[www.kirken.no/be](http://www.kirken.no/be) - her kan du skrive inn en bønn og dele med andre, og se hva andre ber om.

## Kjære alle lesarar

Vanlegvis ser eg det som ei stor ære og glede å få skrive til dykk. Denne gongen er det med blanda føleleser ettersom me har ein svært vanskeleg situasjon kring koronapandemien. Og situasjonen kan ha forandra seg når påska står for døra og dette blir lese.

Koronapandemien er utan tvil den mest omfattande og krevjande utfordringa me har stått over for her i landet på mange 10-år. Me har lært og høyr om Svartedauden, om koppar og om spanskesjuka. Det har vore mindre utbrot som svineinfluensa, ebola mv. men det me no opplever er så dramatisk og utfordrande på alle måtar at det er vanskeleg å finne ord. Men når me står midt oppi det veit me, noko historia også har lært oss, at det vil gå over. Me vil kunne leve normalt att. Men ikkje noko blir som før. Spesielt for dei som har mista livet pga. av korona, dei pårørande, dei som har vorte smitta,

### Facebooksider:

Kyrkja i Vang – her legger vi ut informasjon som gjelder Vang og av og til henter vi fra andre.

Den norske kirke - der legges det ut gudstjenester, musikkandakter, gode ord og tanker, og nyttig informasjon.

### Vang menighetsblad på nett:

Dette nummeret av menighetsbladet kan du også lese på nettsida vår. Da har du tilgang til bladet hele tida, - er ikke det flott? Fortsatt regner vi med at det er fint å få det i papirformat i postkassa, så dette er et supplement.

Du finner det slik: [www.kirken.no/vang](http://www.kirken.no/vang), under «Om oss» finner du «Vang menighetsblad». Der ligger det.

### Kirkegårdene

Selv om det fortsatt er mye snø, regner vi med at våren kommer som normalt, og med det kommer det fram mye når snøen smelter. Dato for dugnadene er ikke bestemt enda, så det må dere følge med på i avisa og på facebook. Mange stiller opp og bidrar til å gjøre det fint på kirkegårdene, - takk! Men før det; ta gjerne en tur på kirkegården og se

som sit i karantene og bedrifter og næringsliv som blir så hardt råka.

Det er av avgjerande at me lyttar til og følger dei påbod og forbod som regjering og helsemyndigheiter pålegg oss i denne situasjonen. Me kan sikkert vera ueinige i nokre tiltak, men no må me vere plikttoppfyllande, halde avstand og syrgje for at færrest mogleg blir smitta. Det blir eir enn nok tid i etterkant til å evaluere alle dei tiltak som blir sett i verk.

Så er det jo slik at påska står for døra. For mange som vanlegvis går i kyrkja, på konsertar og på andre kulturtilbod, blir dette ei svært annleis påske. Det som er mogleg for dei aller fleste er å koma seg ut ein tur, kjenne på varmen frå sola, ete appelsin og ein Kvikk Lunsj. Det er i ein vanskeleg situasjon viktig å finne fram til nokre lyspunkt, glede seg over dei små ting i livet. Mange har



etter om det ser greit ut på gravene du har ansvar for. Og kikk gjerne på andres graver også – ikke alle får gjort det selv.

### Øyebakkin

Selv om tunnelen forhåpentligvis åpner snart, blir det ikke slutt på anleggsarbeidet i Øye. Slik planen er nå skal det meste av arbeidet ved Øyekirkene gjøres i sommer og høst. Det blir høydebasseng ovenfor nye E16, ny vei med parkering opp til «ny-kirken», opprydding og tilsåing ved stavkirken, utvidelse av kirkegården og klargjøring av servicebygg med tilhold for omviser. Det fintelles og fintegnes i disse dager og det ser ut til å bli veldig fint. Takket være velvilje fra kommunen som stiller penger og arbeidstid til dette, ser det faktisk ut til at det blir en løsning nå.

### God påske til alle!

Guro Hovda



tilgang til internett og sosiale medier. Bruk det i desse dagar for å kunne ha ei samtale med folk, lese nytt og kanskje følgje messer og konsertar over nettet. Og så kan me når alt dette er over legge bort nettbrett og telefonar og byrje å treffast att på Sara's Kafe, onsdagskaféen, på biblioteket, på treningar, ja på alt som til vanleg går føre seg i Vang. . Det gleder eg meg til! Eg ynskjer uansett alle ei så GOD PÅSKE som mogleg.

Vidar Eltun  
Ordfører

# Min påskesalme

Påskesalmen jeg liker best er salme 214  
Han sto opp før dagen demret. For meg  
er hver salme en bønn. En bønn som  
ikke bare har en viktig tekst, men også  
musikk. Teksten i denne påskesalmen  
forteller meg om håp, tro, om Guds og  
Kristus sine gaver til oss. Kristus sto opp  
og gir nytt liv til oss også, gir muligheter  
og trygghet.

«Kristus lever, vi skal leve,  
Det er døden som er død!»

Arthur Būdvytis



## 214 Han sto opp før dagen demret



1 Han sto opp før dagen demret;  
dødens dype natt tok slutt.  
Kristus lever, han har seiret;  
dødens mørke makt er brutt.  
Sol og måne, jord og himmel,  
dyr og fugler, gress og trær;  
alle ser og alle jubler:  
Han er oppstått, Gud er her!

2 Han sto opp for dem som brakte  
blomster til hans tause grav.  
Han sto opp for sine venner,  
dem han elsket og holdt av.  
Graven kunne ikke kneble  
ham som er Guds skaperord.  
Kristus lever, vi gir stemme  
til en sang om håp på jord.

3 Han sto opp, hans venner fryktet  
jordens mørke, dødens natt.  
Han sto opp da troen sviktet,  
da de trodde seg forlatt.  
Fylt av mismot var vi alle  
til han delte vin og brød.  
Kristus lever, vi skal leve,  
det er døden som er død!

4 Han sto opp før dagen demret;  
ut av natt brøt lyset fram.  
Kristus lever, han har seiret;  
evig lever vi med ham.  
Han er her og han vil skape  
liv der natt og mørke bor.  
Kristus lever, vi skal bære  
Herrens seierstegn på jord.



### Kyrkjeleg fellestråd 2019 – 2023

Det nyvalde kyrkjelege fellestrådet er godt i gang med arbeidet, og har hatt to møter. Her ser du kven som representerer ditt sokn i rådet.

#### Øye sokn:

Torild Øye og Nils Torstein Hermundstad

#### Vang sokn:

Rita Helen Dalemark og Chatrine Leine Nøkleby

#### Heensåsen sokn:

Steinar Frøyen og Kristina Heensåsen

#### Høre sokn:

Elin Thune og Knut Rogn Tveit

Geistleg representant: Ingebjørg Vik Laugaland

Kommunal representant: Torstein Lerhol

Sekretær er kyrkjeverja.

Leiar for rådet er Steinar Frøyen og nestleiar er Rita Helen Dalemark.



Øye Stavkyrkje

## Barnehagedagen

12. mars 2020 feira Fredheim Barneha-  
ge og Høre Barnehage - «Barnehageda-  
gen 2020» i Høre. Tema for dagen var  
«ulike saman».

Me hadde eit flott opplegg med fire  
stasjonar fordelt rundt i ulike rom. Me  
hadde ein stasjon med leik og aktivi-  
tet i gymsalen, ein stasjon der ungane  
fekk bilder av seg sjølv på eit ark, men  
det var berre halve ansiktet, så oppgå-  
va var å teikne seg sjølv på den andre  
halvdelen. Me hadde også ei anna teik-  
neoppgåve der ungane fekk teikne på  
farga ark som var klypt ut som pusle-  
spel-brikker, som dei etter kvart sette  
saman til eit flott felles bilde. Siste sta-  
sjon var eventyret som heiter «plask!».  
Ei nederlandsk fortelling om bonden  
Knut og grisen Flor, som då er oversatt



til norsk og det er knytt inn smart-ei-  
genskapar og følesekort i fortellinga.  
Me delte i grupper, der me blanda barn  
frå Høre og Fredheim – og etter ca.  
20 minutt på kvar stasjon hadde alle  
vore igjennom alle aktivitetar. Me fekk

pølse og lompe til lunsj, og barnehaga-  
ne hadde laga sjokoladecake. Det vart  
felles leik ute før me avslutta barne-  
hagedagen 2020.

Anette Tvenge

## Kyrkjekaffi i Høre

Soknerådet i Høre ynskjer å skapa ein  
sosial møteplass i samband med gud-  
stenesta, der vi kan møtast og slå av ein  
uformell prat etter messa.

Sundag 2. feb stilte kyrkjevert og sok-  
neråd med kaffe, te, saft og kjeks til dei  
som kom til gudsteneste denne dagen.

På eit bord bakerst i kyrkjerommet var  
det sett fram litt å bite i, som sto klart  
då folk kom til messa. Etter messa had-  
de dei fleste tid til ein kaffekopp og ein  
kjeks, og det var kjekt å sjå både gamle  
kjende og nye sambygdingar møtast  
til ein prat. Ekstra trivelig var det at  
vi hadde innsetting for ny organist  
denne dagen, så han fekk helse på oss  
han hadde gleder med nydelig musikk  
gjennom gudstenesta og bli litt kjent  
med oss.

Det blir kyrkjekaffe på dette viset et-  
ter fleire gudstenester, viss det ikkje er  
andre større hendingar knytt til messa.  
Møt opp og sjå kva som skjer!

Hanne-Kjersti Berge  
Foto: Marta Bjørnøy Lalim



# Julekonsert

i Heensåsen kirke 22. desember

Vi har visst ganske lenge at vår organist også var en dyktig fiolinist og til alt overmål også brakte med seg en dyktig fiolinist i Aleksandra Boiko. Disse to vartet opp med en julekonsert av svært høy kunstnerisk kvalitet i Heensåsen kirke like før jul, og vangsgjeldingene kjente sin besøkestid og fylte Heensåsen kirke nesten til siste plass. Veronika og Aleksandra hadde også fått med seg musikervennen Anastasia Bazhenova på klaver. Alle har solid musikkutdannelse både fra Russland og Norge og har spilt konserter i flere land. Og i tillegg stilte «vår egen» Kristina Heensåsen med sin vakre stemme.

Ingebjørg prest bandt det hele sammen, godt hjulpet av lystenner Halvor Heensåsen Søndrol. Ingebjørg presenterte musikerne og hadde også da hjelp av en sidekommentator på bakre benk, som bekreftet påstanden om at Kristina, henne kjente vi jo. Og da Veronika brettet ut seks noteark til Go tell it on the Mountain, kom det fra sidekommentatoren på bakerste benk: «er den SÅÅ lang!» - til stor moro for forsamlingen.

Konserten spente over et vidt register. Anastasia slo an tonen med Chopins Valse brillante, som vitterlig bærer sitt navn med rette. Kristina sang kjente og kjære norske julesanger og også When you wish upon a star fra Disney-filmen Pinocchio – så vakkert at man lett



kunne drømme seg bort. Aleksandra og Anastasia spilte flere klassiske stykker sammen – mye fengende musikk, mye kjent og kjær. Spesielt Vittorio Montis Csardas ble fremført med stor bravur og høstet øredøvende og velfortjent applaus. Og for en klang det er i Aleksandras mer enn 200 år gamle italienske instrument! Veronika, Aleksandra og Anastasia fremførte flere stykker sammen, i et flott, profesjonelt samspill. Programmet ble avsluttet med Igor Frolovs Divertimento for to fioliner og piano. Stykket innledes i kjent barokkstil, men skifter etter hvert karakter og sneier innom flere andre, nye stilarter

– i det hele tatt et veldig underholdende stykke.

Kvelden ble avsluttet – som seg hør og bør – med Deilig er jorden som allsang, til orgelakkompagnement av Veronika. Tusen takk for en flott førjulskveld! Som Ingebjørg sa da hun takket: «det er med en viss uvilje vi ønsker Veronika lykke til videre» når hun nå dessverre forlater oss. I et svakt øyeblikk senere har Veronika antydning at de kanskje kan komme tilbake til neste år – så kanskje er det nytt håp til neste jul?!

Sidsel O. Jevne

## Årsmelding for Hensåsen Sokneråd 2019

Kyrkjelyden på Heensåsen har eit variert og tradisjonsrikt arbeid. Det gjeld gudstenestelivet, trusopplæring og det diakonale arbeidet. Dette har sin faste plass og blir ikkje nemnt spesielt i årsmeldinga. Det vi vil trekke fram frå 2019 er:

- Pinsevandring med 5-åringar.
- Felles avslutning for trufaste tenarar.
- Oppstart av bibellesing i kyrkja kvar andre sundag i månaden kl 18.00. Det er eit tilbod om å sitte å lytte ein liten time, synge ein salme og lese Fader Vår.

- Utviding og forbetring av parkeringsplassen er fortsatt under arbeid.
- Ny messehagl til kyrkja vår er fortsatt ynskjeleg.
- Soknerådsvalet vart gjennomført og dette tok mykje tid.

Vi har vore heldige og fått inn nye flinke folk som med ein gong viste at dei ville gjera ein innsats til nytte for kyrkjelyden.

Ellen Anne Hovda, Leiar

## *Juletefest i Høre*

Laurdag 4. januar var over 100 personer frå store delar av kommunen og av ulike nasjonalitetar samla til tradisjonell juletefest på Høre Samfunnshus. Festen var innleia med allsong, stødig akkompagnert av organist Veronica, før elevar frå kulturskulen gleda oss med musikalske innslag. Vi fekk høyre piano, gitar, munnharpe og langeleik, og stykka varierte frå det vare via juletonar til litt røffare musikk. Og «Blinke, blinke stjernelill» kan framførast på mange ulike instrument!

Til slutt spelte Veronica og Aleksandra «Let it go» frå filmen Frost, i eit nydelig samspel med fiolin og piano. Alle ungane fekk ei lita gåve frå soknerådet som takk for at dei stiller opp. Komiteen hadde fått god hjelp til både baking og pynting, så det var nøygde kake og kaffe til å kose seg med etter underhaldninga. Praten gjekk rundt borda og stemninga var god, så det var nesten synd å avbryta

salen for å gå vidare i programmet.

Vi har hatt tradisjon med å lodde ut gevinstar på inngangsbilletten, så alle som kjem får eit lodd i trekninga. I år var det gjeve gevinstar frå Coop Fjellvang, Monter Kvismo, Ryfoss Betong, Valdres Sparebank, Intersport Filefjell, Syndinstøga og YX Ryfoss, samt fruktkorg frå Joker Ryfoss som «rosinen i pølsa». Det vart gjeve både kinobilletter, vaffeljern, turutstyr, bilvask og gavekort, for å nemna noko. Tusen takk til alle som støtta oss!

Etter utloddinga var det Ingebjørg sin tur, og ho fekk god hjelp av ivrige ungar til å framføre Juleevangliet baklengs. Flotte nye kostymer hadde ho og med seg, det var ei flott oppleving med ei blanding av kjend tekst og frodig fantasi. Juletefesten vart avrunda med gang rundt juletreet, og det er ganske moro å oppleve fleire ringar rundt treet prøve å samkøyre gangretning og rørsler på

dei tradisjonelle juletefestsongane «Så går vi rundt om en enerbærbusk» og «Jeg gikk meg over sjø og land...» Og når alle byrja å synge «På låven sitter nissen», ja då kom han jammen meg til Høre denne gongen og! Når det heile vel var over fekk Karoline og Malak lov å takke alle for frammetet og ynskje ei framleis god jul.

Komiteen vil rette ein hjartans takk til alle som hjelper til og bidreg, og gjer det lett å arrangere juletefest. Frivillige kom fredagskvelden og var med på å ordne i stand, få inn treet, pynte og dekke bord. Mange bidrog med kaker etter forespurnad på Facebook, og atter andre frivillige hjalp heilt spontant til med å rydde opp og vaske når festen var slutt. De skal vite at vi set stor pris på dykk alle, og vonar de vil vere med på laget neste år og. For juletefesten i Høre er komen for å bli.

Hanne-Kjersti Berge



## Nytt frå Heensåsen sokn

Vinteren holder godt tak her hos oss enda, men det er tid for å tenke på våren. Det er ikke lenge igjen nå til bjørka spretter og jordene er grønne. Det er ei fin årstid vi går i møte nå.

Litt planlegging er godt å drøye ventetiden med, for det er en del arbeid som ville vært fint å få gjort rundt Heensåsen kirke. Soknerådet vil her gjerne informere leserne av menighetsbladet om hva vi jobber med, og diverse ting som vi ønsker at dere hjelper oss med. Husk det er vår kirke, soknet eier kirka, så vi må stelle godt med den.

For å pynte litt og ikke minst for å få det litt sikrere oppe på parkeringsplassen vår, så her vi tenkt at det vil være tjenlig med noen stabbesteiner rundt parkeringen. Ikke sikker på hvor mange vi trenger, men i kirkelig sammenheng så vil vel 12 steiner passe helt fint.

Meld fra til meg - Steinar Frøyen - på tlf. 40 46 90 80 om du har noen store fine steiner som kan egne seg til formålet.

Gjerdet på «sørsida» av kirka tok vi ned da vi felte furutrærne der. Her har vi tenkt å sette opp et midlertidig vanlig trådgjerde i løpet av våren, noe som blir løsningen frem til vi får bevilgning til å sette opp nytt gjerde rundt hele kirka. Det må til, siden gjerdet har store råteskader. Håper det er noen av dere som kan være med på litt dugnad med dette midlertidige gjerdet i vår.

Arbeidstilsynet er ikke helt tilfreds med tilkomsten vi har til tårnet i kirka. Det blir her montert handtak ved stigen, og det blir jobba med en løsning som skal tilfredsstillende kravene til sikkerhet. Riksantikvaren mener at det går fint å bygge en vegg i gangen (som rygg der stigen står), men vi er litt skeptisk til å gjøre et så stort inngrep. Mulig vi må gjøre det, men vi ønsker i alle fall å se på alternativer først.

Arbeid med å lage to nye messehakler er i gang. Stoffet til den ene er godkjent av biskopen, det er innkjøpt og betalt. Nå pågår det en del samtaler og avklaringer med bispekontoret om utforming av selve hakelen. Dette ser ut til at det går greit, og det håndteres på en god måte av Ingebjørg og Berit Vidme som syr



messehakel for oss. Det er faktisk en god del å tenke på når man skal lage et kirkelig symbolplagg som dette er, og alt må faktisk godkjennes av biskopen. Når det gjelder disse to messehaklene som lages til kirka vår, så trenger vi en del penger. Husk dette er noe som skal være Heensåsen kirke sitt, så det er kirkelige symbolplagg som vi sammen skal eie og ha på Heensåsen. Ja, vi har satt i gang arbeidet, men trenger penger for å få det fullført. Tenk så fantastisk om vi fikk disse klar til bispevisitasen som skal være til neste år. Da blir det stas for Ingebjørg å stå der sammen med biskopen.

Men når vi nå kjøper dette som faktisk koster en god del, ja, så trengs det penger for å få fullført det. Her må vi be dere om å hjelpe oss. Vi anmoder derfor her om at dem som har mulighet til det, gir et bidrag til messehakel via bankgiro som følger vedlagt menighetsbladet, eller så kan man benytte nymotens metode Vipps til #129651 (det er den man bruker i kirken til kollekt), eller betaler inn et bidrag direkte til konto nr. 2153.31.29916 som er kontoen til Heensåsen kyrkje. Totalt trenger vi å få inn 60 000kr. Håper virkelig at dere har mulighet til å bidra.

Alterduken vår er preget av tidens tann, så den er nå sendt til reparasjon. Ingen av oss synes vi var flinke nok med nål og tråd til å fikse den, så her måtte det litt proffe folk til. Vi har fått Liv Skattebo og Grete Rudi Bråten ved Valdres folkedraktsaum til å gjøre denne jobben, så duken er med andre ord i de beste hender. Hvor lang tid det tar å ordne den er vi ikke sikre på, men håper at den er snart tilbake på plass.

Bjørg har sjekka litt historie:

Ifølge boka om kyrkja som Sigfred Hovda skreiv til 100-årsjubileet er den flotte borden hekla av Inga Wangenstein ein gong etter 1930. Ein del år seinare kosta Thorpe bondekvinne lag ny duk, men den gamle hekla-borden fekk framleis gjera teneste. Denne «nye» duken har eit flott mønster i knipleteknikk. Men kven har vove og kor gamal er den? Ei gransking avslørte bokstavane VH, OL og årstalet 1952 innvove i eine kanten.. Dette må bety Valdres husflidslag 1952 og veverke Olaug Lien. Ho var rektor ved skulen i ei årrekke. Så no veit vi det.

Hilsen Heensåsen sokneråd

Steinar Frøyen





## Nyttårsvandring til Utsikten

For mange i Vang er det blitt en tradisjon å la nyttårskonsert være nyttårskonsert og heller delta i den årlige nyttårsvandringen fra Ryfoss opp til Utsikten – etarrangement som er bra både for kropp og sjel. Dette slo til dette året også, selv om det nok var flere som uteble pga. den sterke vinden. Men det var mildt i været, og i skogene ved Ryfoss blåste det selvfølgelig mindre enn i åpent terreng, og føret var ypperlig for gåtur i det lette terrenget. Vel fremme i grillhytta på Utsikten vartet Høre/Ryfoss IL og Ryfoss Vel opp med varm saft og småkaker, og hytta var god og varm. Praten gikk lett blant de ca. 20 fremmøtte. Ingebjørg leste en tankevekkende fortelling skrevet av Selma Lagerlöf – en fortelling hvor en ung jente hadde lidd betydelig overlast, hendelser som ikke kunne tilgis men måtte hevnes, men hvor muligheten for hevn ble ødelagt av værskifte. Dette ble



oppfattet som et tegn på at tilgivelse er eneste farbare vei – ikke hevn. Etterpå var det allsang, med ønskekonsert av julesanger. Samlingen ble som vanlig

avsluttet ute, med velsignelsen og Deilig er jorden, med utsikt over det vakre landskapet.

Sidsel O. Jevne

## Den stille uke og påske

Kirkeårets mest dramatiske uke begynner palmesøndag, som har fått sitt navn etter Jesu inntog i Jerusalem, da folkemengden tiljublet ham og kastet palmegrener på hans vei. Men det er ikke jubel i vårt hosianna på palmesøndag, bakom jubelen hører vi mengdens hatske «Korsfest!» Vi har begynt på den stille uke, lidelsens uke. I evangeliene er beretningen om Jesu siste dager, i den stille ukes begivenhetene, fordelt på enkelte dager. Det er tydelig at disse dagene har gjort et uutslettelig inntrykk på hans disipler.

Mandag tok Jesus en kost og jaget ut av tempelet dem som drev handel der, tirsdag var Jesus sammen med sine venner i Betania, hvor Maria salvet hans føtter med en kostelig salve. Skjærtorsdag er nattverdens dag og den dag da Jesus vasket sine disiplers føtter, Langfredag er lidelsens dag, dagen da Jesus ble korsfeste. Påskeaften er den dag Jesus hvilte i graven. Påskedag er den store gledes fest i kirkens år, Jesus

oppstandelsesdag. Det var denne dagen som forvandlet den lille flokk av forskremte disipler, som trodde at Jesu sak var endt med nederlag, til en flokk trosvisse vitner som gikk ut i verden for å forkynne evangeliet om den oppstandne Kristus. Kristus lever! Han har seiret over døden, og Gudsriket er virkelig kommet.

I vår tid kaller de fleste tiden fra palmesøndag til annen påskedag for påske, og bruker ordet påskeuken om den stille uke. Man bør være mer nøye med å skjelle mellom den stille uke, som går fra palmesøndag til påskeaften, og påskeuken som begynner fra første påskedag og varer ut uken, og er en gledes fest. Derfor er det ikke riktig å ønske hverandre «God påske» eller «Gledelig påske» før påskemorgen. Den stille uke er ikke en gledes tid, men sorgens, smertens og lidelsens uke.

Redigert tekst av IW fra «Helg og Høytid» av Vera Molland



## Historien om Vangsteinen

Det var urolige tider og tilnærmet borgerkrig på den tiden da Vangsteinen ble reist. Kristendommen hadde rett nok fått fottfeste mange steder i landet, og det ble bygget kirker og innsatt prester. Men den viktigste striden gjaldt kongemakten. Kong Olav Haraldsson kjempet om makten mot ladejarlene. De hadde dansk kongen på sin side, og vi vet alle hvordan det til slutt gikk. Kong Olav som trolig vokste opp på Ringerike, ikke så langt fra Valdres, ble gjort til helgen ett år etter sin død på Stiklestad. Høvdinger, lendmenn, storbønder eller kanskje prester hadde behov for å markere sine områder og sin tilhørighet i disse urolige tidene. Tidligere hadde man gravlagt stormenn i hauger, men etter det store sedskiftet ble det slutt på det. Vangsteinen er et symbol og en markør på en ny tid. Kanskje hadde fjellbøndene vanskelig for å forlate sine gamle guder, og kanskje er Vangsteinen en fortelling om både kongemakt og en ny tro. På samme måte som EU-kua på läven i Vang i dag, var reisningen av Vangsteinen en symbolsk handling og en tydelig markør på politiske forhold. Regionalt ikon.

**Vangsteinen kunne ha vært et regionalt eller kanskje også nasjonalt ikon, men lokalt i Valdres har det vært lite forskning og oppmerksomhet omkring Vangsteinen.**

Flere har prøvd seg med til dels løse tvetydige tolkninger om opphavet til steinen. I disse dager er den ikke med i den nye kulturplanen som Vang kommune har vedtatt. Steinen står foran kirka i Vang og er således et lett tilgjengelig objekt som kunne ha vært vist mer oppmerksomhet. Det er ikke mange som har prøvd å sette steinen i en kulturhistorisk kontekst. Jeg skal prøve å redegjøre litt for hvorfor steinen burde ha en viktigere kulturhistoriske plass både i Valdres og i Norge. Jeg refererer til personer som i nyere tid har prøvd å tolke selve motivet på steinen og dermed sette det hele i en større sammenheng. Mine sentrale spørsmål omkring Vangsteinen har vært å tolke motivet, runeinnskriften og selve opphavet til at denne sentrale steinen ble reist i Vang for nærmere tusen år siden.

### Jellingsteinen

Finnes det kilder som kan sette steinen i en sammenheng på samme måte som fortellingen om de berømte Jellingsteinene i Danmark?

Ofte sammenlignes Vangsteinen med en tilsvarende stein i Danmark, den største av de såkalte Jellingsteinene. Jellingsteinen ble reist i forbindelse med kristningen av danene og samlingen av Danmark og Norge, og den regnes i dag som et nasjonalt kulturhistorisk ikon. Denne steinen har et motiv hvor visse formelementer er sammenlignbare med Vangsteinen. Min teori er at Vangsteinen har mange fortellinger som ikke har vært fortalt tidligere. Representerer steinen et avtrykk av kongemakt eller kirkelig innflytelse i Vangsamfunnet? Og hvem var Gåse og finnes det eventu-

elt spor etter ham i andre kilder?

### Løven og korset

Predikanten og pinsevennen Emanuel Minos er en av få som har skrevet noe om dette. Han studerte arkeologi og teologi i Oxford og har også en doktorgrad i teologi fra USA. Tidligere er han i Valdres kanskje mest kjent for det såkalte Valdresprofetiet. I artikkelen Løven og korset skriver han at Vangsteinen mest sannsynlig er et religiøst symbol fra tiden da Valdres ble kristnet. Han går så langt som å hevde at løven er den samme som vi finner igjen i riksvåpenet vårt. Han skriver videre at i århundrene mellom Vangsteinen og Stortingssalen i Oslo, har det kristne kjærlighetsbudet smeltet sammen med frihetstrangen og det menneskelige fellesskapet. Studerer man selve billedmotivet, kan vi faktisk se at to hovedgrener krysser hverandre i en slags hjerteform.

Hjertet som symbol, finner vi ikke igjen i vikingekunsten, men det er likevel et sentralt symbol i bibelen. Professor Gro Steinsland, en av våre fremste forskere innenfor transformasjoner i vikingesamfunnet skriver at en enkel fortolkningsmodell av forholdet mellom hedendom og kristendom, er at vikingtiden var styrt av hevn og hat, mens kjærlighet og tilgivelse kom med kristendommen. Hun påpeker at bildet likevel kan være mer nyansert enn som så. Professor emeritus Signe Horn Fuglesang, en ekspert på vikingekunst, er meget forsiktig med å tolke symboler i vikingekunsten. Det finnes svært få kilder på hva utsmykninger og ornamentene er ment å bety.

### Kristent eller hedensk motiv

For tre år siden lanserte er svensk forsker Magnus Källström, at selve motivet på Vangsteinen kan være et Ragnarokksmotiv. Han skriver at

steinen er en av Norges mest berømte runesteiner, og at dyret kanskje ikke er en løve, men muligens Fenrisulven. Den lille spiralen foran ulvens kjeft kan være sola. Og at selve motivet, som man kjenner i Eddadiktningen, er Fenrisulven som sluker sola. Det som taler imot dette, er at stilarten forbindes med innføringen av kristendommen, og Signe Horn Fuglesang mener at man bør avskrive førkristne motiver når det gjelder Vangsteinen.

### Ringeriksstil

Det er både nasjonale, men også internasjonale historikere som har løftet Vangsteinen fram som kanskje det ypperste kunstverk innenfor stilarten Ringeriksstil.

James Graham Campbell skriver i Viking art at Vangsteinen er det mest typiske eksemplet på en fullt utviklet Ringeriksstil. Videre påpeker han at Ringeriksstilen ble spredd utover Skandinavia og også ble meget populær i England under herredømmet til Knut den mektige (1016-1035). Ringeriksstilen har også vært sentral i formidlingen til kirken, og stilarten har sin opprinnelse i Danmark.

Signe Horn Fuglesang må regnes som den forskeren som har lagt ned det største forskningsarbeidet på denne stilarten. David M. Wilson skriver i verket Vikingetidens kunst, at hun er den som har gjort den mest klarsynte analyse av vikingetidens kunststiler over hodet. Han skriver også at stilarten defineres med utgangspunkt i den storartede steinen i Vang. Sånn sett kunne stilen ha fått navnet Vangsstilen.

Men selve navnet på stilarten har et rent geografisk opphav. Det vil si at stilarten er gitt navnet etter en sandstein som finnes i Oslofeltet og da spesielt funn

i områdene på Ringerike. Et område som i motsetning til Vang var et sterkere maktsentrum i vikingetiden. Olav Haraldsson skal ifølge kildene ha vokst opp på en storgård der. Olav kan på dette viset ha god kjennskap til lokale forhold inkludert Opplandene som Valdres var en del av. Fuglesang påpeker i Norges kunsthistorie at de fleste stilelementene i Ringeriksstilen kan defineres ut fra Vangsteinen. Hun skriver også at de nye motivene i stilarten har tilsvarende elementer i ottonsk og angelsaksisk kunst. Videre påpeker hun at ringeriksstilen ble utformet i et miljø med nær kirkelig tilknytning og at sentret for stilen trolig ligger i Danmark. Dette fordi det allerede fantes en utviklet kirkeorganisasjon der. Med dette som bakteppe er det da trolig at Vangsteinen kan knyttes til innføringen av kristendommen i Valdres.

### Gunnars død

Er det da tenkelig at Gåse på et eller annet vis er kirkas eller kongens representant i Vang? Når vi snakker om kongemakt i dette tidsrommet, er det Olav Haraldsson (1015-1028) som er regent, men dansk kongen hadde betydelig innflytelse i Sør-Norge i området Viken. Siden utbredelsen av Ringeriksstilen er knyttet til Danmark, er det kanskje en liten mulighet for at steinen kan være et avtrykk av dansk kongemakt ved Knut den mektige som lå i stridigheter med Olav Har.

Kan det være at Gunnars død er årsaket av et drama i kampen mellom norsk og dansk kongemakt på samme måte som Olav Haraldssons død? Dersom Gåse var kongens mann eller kirkas representant, er det også trolig at han ikke var en lokal høvding.

### Gåse

Navnet Gåse er et sjeldent navn, ikke et typisk navn som går igjen i norrøn historieskriving. Det finnes noen få forekomster av navnet i både Sverige og Danmark. I Sverige, nærmere bestemt Haninge i Stockholms len, finnes en runestein med navnet Gåse i runeteksten. Den har innskriften: «Gåse reste stenen efter Assur, sin son, och efter Ulf». Gåse er et mannsnavn som trolig er hentet fra fuglearten gås selv om navneforskere ikke entydig tolker det slik. Gjess har det sannsynligvis vært lite av i fjellene i Valdres. Det kan være en antydning om at Gåse kom fra kystnære områder og da for eksempel i Sverige. Vi vet at Olav

Haraldsson oppholdt seg over lengre tid i Sverige, og det kan være en mulighet at Gåse hadde sitt opphav i Sverige, og at Olav Haraldsson brakte han med seg og satte han inn som prest. Olavs ektefelle, Astrid, var som kjent datter av svenskekongen Olof Skötkonung.

Tradisjonen med å reise runesteiner sto mye sterkere i Sverige. Der finnes det over 2000 runesteiner, mens Norge har rundt 50.

### Betydningsfulle menn på Opplandene

Olav Haraldsson var trolig den første norske kongen som sikret seg et reelt herredømme i Opplandene. Olav var med på å legge grunnlaget for en omfattende kirkeorganisasjon med kirker og prester, og Gåse kan da ha vært en som kom utenfra og ble satt til å være kirkens eller kongens representant i Vang. Det er sønnene til Gåse som reiser steinen, men de er ikke nevnt ved navn.

Innskriften lyder: «Gåses sønner reiste denne stein etter Gunnar, (sin) bror-sønn» Her er tre generasjoner nevnt, og alle er menn selv om det også må ha vært betydningsfulle kvinner til stede i Vangsamfunnet som ga liv til disse mennene. Dette forteller også noe om maktforholdene på den tiden. Det er far, sønner, brødre og en nevø. Vi kan tolke det dithen at Gåse er død, og hans navn er selve symbolet på makt som skal videreføres. Derfor oppgis ikke navnet på brødrene. Det er Gåse som er autoritet og hans navn som skal nevnes.

Mer vanlig praksis er at far reiser stein over sin sønn, eller at sønn reiser stein over sin far. At runesteiner ikke bare er gravsteiner men også symboler på kontinuitet av makt og rettigheter skal vi komme nærmere inn på i neste artikkel.

Helge Garlid

### Om Helge Garlid

*Familien og jeg hadde sju flotte år i Vangsamfunnet, og vi er alle takknemlige for det vi fikk oppleve og lære, både i jobbsammenheng, menighet og kulturliv. Vi har gode minner og fortsatt gode venner i Vang, både barna våre og Karin og jeg. Vi bor nå på Hamar og trives her, men tilbringer også mye tid i Valdres. I snart 20 år har jeg jobbet med Vangsteinen og*



*dens historie. Etter hvert er det blitt flere titalls bøker i bokhylla om vikingtid, middelalder, symboler og kristningen av Norge. I de to siste årene som pensjonist, har jeg hatt god tid til å lese. Og jeg leser fortsatt Vang Menighetsblad og synes nok at bladet deres er langt mer spennende å lese en bladet i her Hamar.*

## Dialekt- STUBBEN

### Attførteljing

I skulun på Åsvang hadde me noko so kallast attførteljing. Då les'n Bøye eit passele lite stykki eit par gønge. So skulde me skrive ned det me hadde høyr, so gøtt so me greidde hugse det. Ein tå dessa stubbo hugsa e endå. Det va um ein so reiste mæ natt-toge te Bergen. Men han skulde tå på Voss, so han avtala mæ konduktøre at han skulde vekki'n. Men e søve so tungt sa'n, at får du kji vekt me skikkele so får du kaste me tå. Men då toget rulla inn på stasjon i Bergen vakna mann o va dugele sinna då'n fekk tak i konduktørn so inkji hadde vekt'n på Voss. Å ja, sa konduktørn, e ser du æ sinna, men du skulde sett han e kasta tå på Voss i natt, du. Han va sinna, han!  
Ner'n Bøye kom te siste setningen, lo'n gøtt hugsa e, o det jorde vøl me mæ.

Sigfred Hovda

## *Håp i tider som er annerledes*

Dagene er så annerledes. Vi har over tid hørt om koronaviruset, Covid -19 og vi tenkte at det var synd på alle som er i berøring med dette. Stakkars dem. Men plutselig er det også her hos oss, og vi er inne i ei tid som er annerledes.

Annerledes dager. Dager der vi holder fysisk avstand, men søker å holde sammen i å løfte fram våre felles gode verdier knyttet til å bry oss om hverandre. Ikke minst være oppmerksomme på at noen nå trenger en ekstra prat på telefonen eller en hilsen. Det handler om gi et håndtrykk på andre måter enn det vi gjør til vanlig.

Verden over kjenner mennesker på de utfordringene Covid-19 gir. Og noen er mer sårbare og utsatte enn andre både her heime og ellers.

Mange er redde, kjenner på dødsangst, kjenner på savn etter det normale, lengsel etter det som var.

Flere av oss er i berøring med slike tanker og følelser. Slik tror jeg det også var for disiplene som fulgte Jesus. De så at Jesus reiste mennesker opp og at

han ikke gikk forbi de utstøtte, men ga mange det håndtrykket, det håpet de trengte. Men disiplene opplevde også at han ble anklaget, korsfestet og døde. Og de sørget dypt. Så da påskedagen kom, var de fremdeles både i sorg og savn, og jeg tror også redde i det som var annerledes dager for dem.

Noen av kvinnene gikk til graven. Det de opplevde der, fylte dem med frykt, men også med stor glede. Kanskje litt i slekt med det en føler med et nyfødt lite liv i hendene. Undring, spenning, beven for ukjent fremtid og intens klar lykke.

Det er mange tanker vi kan ha om påske og påskefortellingene. Jeg vil løfte fram det store i at Jesu liv, hans død på korset og hans oppstandelse kaster lys over vår tilværelse i livet, døden og inn i evigheten.

Lysen fra Kristus omslutter oss som en soloppgang. Ja, som en stille, stille soloppgang som styrker tro, håp og kjærlighet. I klangen fra dette vil jeg sitere lyrikeren Arnold Eidslott som snakker




om betydningen av å søke en høyere gjerning. Han sier at det er fødsel at to hender møtes. Akkurat nå gir vi hverandre håndtrykk på andre måter enn ellers, men fremdeles gjelder det som står i diktet Håndtrykket.

Gå sakte, menneske  
søk en høyere gjerning  
Trykk den lidendes hånd

....

Gå sakte og let  
etter de rådløse hender  
hvert håndtrykk føder en stjerne  
Jeg ønsker dere velsignet påske.  
Må Gud velsigne og bevare dere.

**Solveig Fiske  
Hamar biskop**



Øye Ståvkyrkje

### KORONA OG KYRKJA

#### **Gravferd, dåp og vigsel:**

Kyrkja i Vang held kyrkjelege handlingar i tråd med kommuneoverlegen vår sine tilrådingar. Me kan være tilsaman 20 personar inkludert tilsette samla i kyrkja til gravferd, dåp og vigsel. Alle må halde fysisk avstand, dvs. sitje og stå med 2 meters avstand dersom ein ikkje bur i same hus.

#### **Nattverd, soknebud og samtale med prest:**

Vert avtala direkte med presten. Også her vert alle hygienaråd følgde og smittevern vurdering gjort på førehand.

## Eit brev frå Zimbabwe

Vener, medan vi freistar å nå fram til rettferd i samfunnet, vil vi halda fram historia vår for verda og for Gud. Folket vårt, som er sett saman av mange folkeslag, har ei lang historie. Heilt frå det gamle Zimbabwe-riket og til i dag er det mange historier å fortelja. Vi har kjempa for fridom frå kolonimakta, og vi har kjempa for å få danna ei regjering som vert leia av leiarar frå fleirtalet i folket. Men under dei seinaste nasjonale vala opplevde vi politisk vald. Mykje har vore gjort for å få alle partar til å vera med i ein prosess som byggjer på fred og forsoning, men det har tatt mykje lengre tid enn folk hadde vona. Såra som den væpna konflikten skapte hos folk, pregar framleis samfunnet i Zimbabwe.

Sidan 2017 har landet vore gjennom endringar i regjeringa. Kyrkjer og økumeniske organisasjonar har gått saman med folket for å leggja til rette for ein fredeleg overgang. Ved parlamentsvalet i 2018 var det mange unge og andre som tok del i val for fyrste gong. Vi gjekk i fred til valurnene. Sjølv om spenningane framleis er levande, held vi fram med å be og øva oss i å skapa fred og stå for forsoning i landet vårt. Vi veit at mange er arbeidslause i landet vårt. Det er vanskeleg for oss å forsørge familiane våre. I mange hushald på landsbygda har kvinner ansvaret, men har ikkje noko å gje familien å eta. Ektemannen har flytta ut for å finna arbeid i byen eller i gruvene. Unge kvinner og menn har emigrert til grannelanda og resten av verda for å få arbeid. Desse emigrantane opplever ei global negativ haldning mot migrantar, noko som gjer livet deira enda vanskelegare.

Vi høyrer så mange negative ting om landet vårt, men dette kan vi endra på og verta stolte som zimbabwarar. Den kulturen som byggjer fellesskap og knytter familiane saman, set vi høgt, sjølv om familiar og er prega av individualisme og vald i heimen. Det er aukande syn for og arbeid med å fremja likskap mellom kjønna, og vi har lover som vernar kvinner mot kjønnsbasert vald.



Det er kvinnene som sjølv ser etter barna sine når dei er funksjonshemma og treng særskild tilrettelegging. Tilgang til skular er svært liten for slike barn. På den andre sida er det mange familiar der barn som har mista foreldra sine på grunn av HIV eller AIDS, sjølv må ta ansvaret for syskena sine.

Det er mange blant oss som lever i armod og treng hjelp. Vi vonar på betre sosiale tenester med betre høve til trening, utdanning og ei berekraftig økonomisk utvikling.

Dei fleste innbyggjarane i Zimbabwe er kristne, og vi bed alltid om at kyrkjene våre og landet må vera heilstøypte og sanne.

Som kristne kvinner ynskjer vi å gjera meir slik formødrene våre gjorde. Dei identifiserte seg med kvinner og barn. Ved Guds nåde arbeider vi hardt for å følgja i fotspora deira.

«I munnen til den rettferdige er det visdom, hans tunge talar rett.» (Sal 37,30)

### Prosjektet

Fokus for Bønnedagen 2020 Zimbabwe er arbeidet blant mødre med funksjonshemmede barn. Dette er en gruppe som lenge har vært marginalisert og utstøtt. Bibelselskapet i Zimbabwe gir ut en egen bibelutgave til bruk i prosjektet. Mål: Synliggjøre situasjonen for funksjonshemmede barn og deres mødre, styrke deres posisjon og inkludere dem i kirke og samfunn.

- Hjelp mødre til å finne styrke og trøst i bibelordet.
- Bidra til å opprette små verksteder der mødre kan få inntekter.

- Skape møteplasser der mødre med vanskeligstilte barn kan utveksle erfaringer med andre mødre i samme situasjon.
- Opprette støttegrupper og treningsgrupper (som også omfatter bibelarbeid)
- Samarbeide med ansvarlige offentlige etater.

Biletet er laga av kunstnaren Nonhlanla Mathe. Det viser noko av livet og historia til Zimbabwe sett frå kvinnenes synsvinkel. Bakgrunnen viser forvandlinga frå mørk og vanskeleg fortid til ei framtid med håp om framgang.

I forgrunnen finn vi element frå Bibelteksten Joh 5,2-9 med lækjedom og oppreising.

Kunstnaren sjølv seier dette om biletet: Eg vert inspirert av livet menneska lever, korleis samspelet er mellom dei og korleis dei ser på kvardagen sin. Eg er sjølv kvinne, og ynskjer å framstille myndiggjorde kvinner.

Gudstenesta til Den internasjonale kvinnebønnedagen 2020 er laga av Bønnedagskomiteen i Zimbabwe, tema er «Stå opp, ta matta di og gå». Teksten er oversett av Mona og Anfinn Andreas Kolberg. Bibelsitatene er hentet fra Bibel 2011.

### Dugnad

Dugnaden i Høre blir  
13. mai kl. 18.00

## 296 Jesus, din søte forening å smake

Jesus, din søte forening å smake  
 lenges og trenges mitt hjerte og sinn  
 Riv meg fra alt det meg holder tilbake  
 dra meg i deg, min begynnelse, inn!  
 Vis meg med klarhet min avmakt og  
 møye  
 vis meg fordervelsens avgrunn i meg  
 at seg naturen til døden kan bøye  
 ånden alene må leve for deg

Styrk du meg kraftig i sjelen her inne  
 at jeg kan kjenne hva Ånden formår!  
 Styr du min tunge og tankene mine  
 led meg og lokk meg så svak som jeg  
 går!  
 Meg og hva mitt er, jeg gjerne vil miste  
 når du alene i sjelen vil bo  
 Og seg omsider på døren må liste  
 alt som forstyrrer i hjertet min ro

Å, den som kunne det ene kun lære:  
 ofre seg for deg med hjerte og hu!  
 Å, måtte Jesus mitt allting kun være  
 jeg er dessverre langt borte ennu!  
 Jesus, som gav meg et hørende øre,  
 rekk meg tillike din kraftige hånd  
 så jeg her etter min vandring må føre  
 rett som en kristen i hellighets ånd!



T: Ludwig Konrad Allendorf // Elias Blix, 1869

M: Folketone fra Gudbrandsdalen//Ryfylke

## Årsmelding for Vang Sokneråd 2019

Fram til 1. november besto soknerådet av: Kristin Bakke Lajord (leder og medlem av fellesrådet), Tone Grønning Lajord (nestleder, sekretær og medlem av fellesrådet), Leif Solemsli (kasserer), Ida Østvold (trosopplæringskontakt), Tor Erik Berge (ansvarlig for blomster-fondet), Nils Eirik Leine (internasjonalt kontakt og 1. varamedlem til felles-rådet), Eivind Magnus Ellingbø (1. varamedlem).

Fra 1. november var Rita Helen Dalemark leder og medlem av fellesrådet, Chatrine Leine Nøkleby nestleder og medlem av fellesrådet, Randi Bang Søndrol sekretær, Tor Martin Iversen kasserer og Anders Daae Mæland og Ivar Jonny Søndrol styremedlemmer. Ragnhild Lund ble valgt til 1. varamedlem, men fikk senere fritak fra vervet og Maria Aaslund rykket opp. Sokneprest Ingebjørg Vik Laugaland er også medlem av sokneråd og fellesråd.

Det gamle soknerådet hadde tre møter og det nye ett møte. Til sammen ble 35 saker behandlet. På årets første møte hadde soknerådet samling med de ansatte der vi drøfta en del praktiske forhold og arbeidsfordeling i kirka. I oktober hadde det gamle og nye soknerådet felles middag og møte – hyggelig avslutning for ett sokneråd og oppstart for et annet!

Av kirkelige handlinger har det vært to barnedåper, fem er konfirmert, to brudevielser og seks begravelser. Det har vært 16 gudstjenester med 1037

deltagere på søn- og helligdager og 14 gudstjenester med 596 deltagere utenom søn- og helligdager. En av gudstjenestene var stølsmesse på Helin hos Eli Belsheim og Eivind Magnus Ellingbø – dessverre i dårlig vær, men flott messe og trivelig kaffesamvær inne i sælet. På jaktmessa i grillhytta var været strålende! Soknerådet grilla pølser og serverte kaffe.

24. februar var det kveldsmesse og etterpå årsmøte i kyrkjelyden på Drenkestøga. Konfirmantene gjennomførte Fasteaksjonen i april og soknerådet serverte pizza på Drenkestøga etterpå. Det ble samlet inn kr. 6634. I begynnelsen av mai var det dugnad på kirkegården og vask og støvtørking inne i kirka og selvsagt velfortjent kaffe etterpå. Under dugnaden vurderte soknerådet plass for navna urnelund i det nyeste feltet på kirkegården.

I juli hadde vi også dette året åpen kirke. Mange var innom og satte pris på tilbudet.

Soknerådet hadde mye arbeid med kirkevalget. To fra rådet var med i nominasjonskomite og fikk i stand liste til soknerådsvalget. Vi hadde vakt under valget og telte opp resultatet etterpå.

Det har vært stor aktivitet på konsertfronten dette året – juleutsynging med Vangskoret, stor avslutningskonsert ved Alistair, konsert med Veronika med venner, Kurvekonsert til inntekt for

barnekreftforeningen, Operahistorien, Elvis go to church og juleinnsynging med Høre mannskor og Fjellblom musikklag.

Det nye soknerådet har deltatt på to kurs, et felles for hele Valdres og et lokalt for sokneråda i Vang. Første oppdrag for de nye var kirkeverter på allehelgensdag og med egne krefter sørga de for musikk og åpen kirke i forkant av fellesgudstjenesten for Vang på allehelgensdag. Flere fra soknerådet var med på Lys Våken og som gode hjelpere på juleverkstedet første helga i advent.

Folk fra riksantikvaren, bispedømme-kontoret og rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne i Vang var på befaring for å vurdere løsninger for universell utforming inne i kirka. Vi har fått godkjenning på å fjerne en halv kirkebenk, og venter på håndverkere som kan utføre jobben.

Offergaver dette året har vært 26392 kr; av dette var 5067 kr til menighetens eget arbeid.

Tusen takk til sokneprest og sokneråd for godt samarbeid og lykke til med viktig arbeid til nytt sokneråd!

Vang, 16. februar 2020

Kristin Bakke Lajord  
 Rita Helen Dalemark

## Strikkekafe på Haukåsen

Hver tirsdag er det samling på Haukåsen fra kl. 11 - og damene møter opp med heklenåler, strikkepinner og godt humør. Og det er utrolig hvor mye fint som blir laget, ikke minst av damene som møter opp fra Mottaket. De er så interesserte og lærevillige selv om de aldri har strikket eller heklet før.

Hvert år har strikkekafeen et prosjekt på gang, hvor vi strikker barneklær eller babytepper til nyfødte i Vang.

28. januar møtte fem mammaer opp med sine babyer for å motta tepper. Dette er populært, og Sølvi og hennes medhjelpere stiller med fine smørbrød, kaker og kaffe. Noen fra husflidslaget er også med denne dagen, de leser dikt



og leder allsangen av barnesanger. Nå starter vi med et nytt prosjekt, hva skal vi finne på nå, tro?

*Siwaya med Nail, Helen med Elida, Marta med Sivert, Mari med Jonas, Randi med Even.*

Foto: Ingegjerd Havro

## Samefolkets dag i Øye

Den 6. februar vart Samefolkets dag feira for 16. gong i Øye. Carl Philip var «oppfinnaren» av feiringa her, og var sterkt delaktig også dette året. Feiringa starta med festgudsteneste i Øye kyrkje, og her samlast bygdefolk, folk frå grannebygdene og ikkje minst samar som bur andre stader i Valdres.

Gudstenesta byrja med samefolkets song, og det var tekster og bønner som er spesielle for denne dagen. Ingebjørg og Carl Philip hadde dei raude, fargerike stolaene sine. Raudfargen handlar om kyrkja som ei og som femner alt og alle og passer godt på denne dagen. Preika var ein samtale mellom Carl Philip og Ingebjørg og handla om tru og tvil og kyrkja sitt oppdrag med utgangspunkt i Saligprisningane og i lys av Samefolkets dag.

Etter gudstenesta var det som vanlig samling på samfunnshuset i Øye. Soknerådet var dyktig vertskap og det var triveleg å kome til eit festpynta lokale med god servering. Både her og i kyrkja deltok Vangskoret med flott song. Og Silje Helland og Carl Philip framførte samiske songer. Og tradisjonen tru intervjuja Carl Philip

nokre av samane og historia om korleis tannlegen vår møtte dama si i Karasjok er like morosam å høyre kvart år!

Samefolkets dag er ein viktig dag å markere og feire! Tusen takk til alle som bidrog til denne flotte og trivelege kvelden!

Kristin Bakke Lajord



## *Eg vil byrje med å takke* – av Solbjørg Kvålshaugen

Eg er takksam for å få lov til å stå her, Ingebjørg. Og eg er takksam for at de har kome hit i dag. Tenk at eg skal få lov til å tale i Vang Kyrkje – takk for at eg får tale til dykk frå hjartet i dag, og takk for Herrens ord som har rettleia meg i det eg skal tale om. Det skal handle om «tru, tvil og kyrkja sitt oppdrag» Eg vil tale om det gode, og eg vil tale om lyset. Lyset representerer ikkje berre det kvite i svart og kvitt, men det som gjer oss innsyn, innsikt også i skuggane. Lyset opplyser oss, og lyser opp for oss. Denne oppgåva har fått meg til å tenkje etter, og til å stille spørsmål ved mi eiga tru og min eigen tvil.

Det har fått meg til å spørje meg sjølv om kvifor min veg vart som den vart. Det er ei god øving for eit menneske, og kan anbefalast fleire. Eg har sjølv tvilt mykje, ja endå til snudd ryggen til barnetrua mi i mange år. Gudmor mi, Magnhild, tok oppgåva si på alvor og tok oss fire søskena til kyrkje nesten kvar gong det var messe i Reinli. Det var trygt og godt. Den same vegen vi gjekk til kyrkja. Liturgien som var den same kvar gong, men likevel med andre Bibelord, andre salmar og anna innhald. Og det var ikkje berra kyrkja; det var «kvindeforening» og misjonsmøter der eg underheld med salmesong, det var stølsmesser der vi tok med kopp og stol, og det var «barnemøte» og «yngres».

Men så kom ungdomstida med puberteten og opposisjon, og så kom konfirmasjonsførebuinga og eg byrja å tvile. Var denne dømmande og refsande Guden presten tala om verkeleg min Gud? Var utestenging av dei som var ugifte, men ville døype barnet sitt rett? Det er mykje ved kyrkja si gjerning som heng saman med presten si gjerning, og med sokneborna sine gjerningar og haldningar. I nokre høve vil dette støyte folk ut, i staden for å famne om dei slik som Jesus ønskjer. Han sa: «Lat småborna vera, og hindra dei ikkje i å koma til meg! For himmelriket høyrer slike til.» Matt: 19:14

Bibelen er ei kjelde å hauste livsvisdom og levereglar frå, og står du fast

kan du finne leida di der, og rettleiing. Eg har Bibelen etter bestemor mi som eg les i når eg treng trøyst, rettleiing eller anna. Den har følgt meg gjennom åra med tvil også. Kyrkjerom verda rundt har famna meg i alle åra med tvil. Det er godt å kome inn i ei open kyrkje uansett kvar det er; her er guddom, nåde og fred – sjølv midt i verdas travlaste byar. Eg har tvilt, men eg har nok alltid søkt og leita etter vegen attende, bevisst eller ubevisst.

Tvilen min vara ved heilt til Gud viste meg vegen attende til barnetrua mi og kyrkja. Han sende eit menneske til meg for å opne augo mine, for å vise meg vegen attende. Dagens tekst frå Matteus 11:30 synest eg fortel MEG om korleis det gjekk til for meg at EG fann vegen attende: Jesus blir døypt 13 Då kom Jesus frå Galilea til Johannes ved Jordan for å bli døypt av han. 14 Men Johannes ville hindra han og sa: «Eg treng dåp av deg, og så kjem du til meg?» 15 Jesus svara: «Lat det no skje! Dette må vi gjera for å oppfylla all rettferd.» Då gjorde Johannes som Jesus ville. 16 Med det same Jesus var døypt, steig han opp av vatnet. Og sjå, himmelen opna seg, og han såg Guds Ande koma dalande ned over seg som ei due. 17

I september i 2016 vart min gudson døypt her i Vang Kyrkje. Han var snart 30 år gamal og hadde take valet om at han heretter ville følge Jesus og bli ein kristen. Han spurde meg audmjukt om eg ville vera Gudmor hans. Det ville eg gjerne. Og det er eg takksam for. Slik vart han den som lyste opp vegen attende til barnetrua mi og kyrkja for meg. Eg kjende at eg hadde sakna denne fine gáva eg fekk i min eigen dåp, denne trygge hamna frå barndomen. Ja, det var like mykje eg som trengte dåpen som han. Og rolla som gudmor visste eg godt kva innebar. Det hadde eg fått frå mi eigen gudmor. For meg vart han den dua Gud hadde send meg for å lyse opp vegen attende til seg. Dåpen er det fyrste sakrament: Nattverden er det andre i vår kyrkje. Dette sakramentet skal vi dele seinare her i dag.

Soknepresten vår vil gjerne dele preikestolen i kyrkja med andre talarar. Dette for å opne for fleire innfallsvinklar til tru, tvil og kyrkja sitt oppdrag.

Her er Solbjørg Kvålshaugen si andakt frå 12. januar 2020.

Dåpen er porten inn i den heilage kyrkje og innhaldet er fyrst og fremst: VATNET – KORSET – NÅDEN – FRELSA - LYSET  
 Vatnet = liv, og evig liv  
 Korset = Jesu merke  
 Nåden = godheit, barmhjertigheit og tilgjeving  
 Frelsa = frigjering frå hindrande band både her og i evigheit  
 Lyset = Jesus, verdens lys «Eg er verdens lys, den som følger meg skal ikkje vandre i mørket, men ha livets lys»  
 Vi går mot den lyse tida av året. Sola snudde den 21. desember og frametter blir dagane lengre og lysare, sola og lyset tek over meir og meir. For meg inneber lyset ALT DET GODE; Dette er den tida eg dreg til fjells at for å gjera gode gjerningar og skape glede for gjestene mine. Tenk, så privilegert eg er!

Med DET GODE er mykje meir; til dømes KJÆRLEIK, RETTFERD, HÅP, RAUSHEIT, TOLERANSE  
 Nyleg høyrde eg Messias av Händel. Mykje av teksten i Händels Messias er henta frå Profeten Jesaja som også dagens tekst er. Blant anna: Jes 35:5-6 «Då skal blinde auge opnast og dauve øyre latast opp. Då skal den lamme springe som ein hjort og tunga til den stumme skal jubla. For vatn bryt fram i ørkenen og bekkar i øydemarka.»

Denne teksten opna seg i bestemor sin Bibel då eg bad om trøyst etter at eg i 2019 vart dømd skuldig i brot av Utlendingslova sin paragraf 108. Eg



sa meg ikkje skuldig. Eg våga å trosse lova for å vise nestekjærleik overfor eit medmenneske, for å hjelpe min eigen gudson; som er ein «ureturnerbar asylsøklar» og som er i ein umogleg livssituasjon: Saka er svært lik saka til biskop emeritus Gunnar Stålsett, bortsett frå at eg og gudson min står i enda nærare relasjon til kvarandre enn Stålsett gjer til Lule Tekle.

Eg angrar ikkje på at eg er eit medmenneske som hjelper ein som er i ein vanskeleg livssituasjon. Eg angrar ikkje på at eg viser toleranse og ville vise eit anna menneske respekt ved å gi dette mennesket ein meningsfylt kvardag, ein viss eigenrespekt og eigenverd. Korleis kan eg angre på det? Og er det rettferd å bli dømt til straff for å gjera gode gjerningar?

I møte med desse spørsmåla tenker eg attende på årsaka til min eigen tvil, og eg tenkjer på dåpens sakrament. Dagens tekst: Jesaja 42:1-6 Herrens tenar, eit lys for folkeslaga: Sjå, min tenar, som eg støttar, min utvalde, i han har eg mi glede! Eg har lagt min Ande på han, han skal føra retten ut til folkeslaga. 2 Han skrik ikkje og ropar ikkje, røysta hans høyrest ikkje i gatene. 3 Han bryt ikkje eit knekt siv og sløkkjer ikkje ein rykande veike. Med truskap skal han føra retten ut. 4 Han skal ikkje slokna og ikkje bli knekt før han har sett retten igjennom på jorda. Fjerne kystar ventar på hans lov. 5 Så seier Gud Herren, som skapte himmelen og spente han ut, som breidde ut jorda og alt som spirer der, som gjev pust til folket på jorda og ånd til dei som ferdast der: 6 Eg, Herren, har kalla deg i rettferd og gripe handa di. Eg har forma deg og gjort deg til ei pakt for folket, til eit lys for folkeslaga, Dagens Bibeltekst kjem frå ein hyllest til persarkongen Kyros den Store som for 2500 år sidan regjerte det største rike verden nokon gong har sett. Det var Persarriket frå år 600 f. Kr. og fram til Alexander den Store sitt sigerstokt i Midt-austen frå år 334 f. Kr. KYROS DEN STORE levde frå år 600 til 530 før Kristus. I denne hyllinga av Kyros omtalar Jesaja MESSIAS, som tyder «den som er salva» - «den som er velsigna med den heilage ande». I Midt-Østen på den tida var salving eit sakrament for Kongar, heilagdomar, prestar og profetar. Vår eigen

Kong Haakon VII vart salva ved kroninga i 1905.

KYROS som tyder «SOLA», eller «LIK SOM SOLA», og altså står for lyset, var kjent for å vise:

- RESPEKT for alle religionar og minoritetar i sitt store rike
- TOLERANSE for alle trusretningar, kulturar og tradisjonar innanfor sitt rike
- RAUSHEIT ved å gi ordre om å restaurere heilagdomar som hadde vorte øydelagde under dårlege kongar før han. Han frigjorde slavane og oppheva slavedom i riket sitt.
- RETTFERD gjennom at han ikkje drap dei han erobra, men skåna dei og let dei bli leiarar under han. Han uttala: «eg vil ikkje styre over folk om dei ikkje ønskjer det»

Utan at dette skal bli ei politisk tale, står dette i skarp kontrast til framferda til dagens leiarar av store makter, og andre makter. Stephen Hawking uttala rett før sin død at grådighet og dumskap vil øydelegge kloden vår. Vi er kan hende på god veg? Uansett; motsatsen til dumskap er visdom, og til motsatsen til grådighet er rausheit. Vi har godt av å tenke over kva som er motsatsen i tilværet: Eg ønsker meg at de skal tenke over kva som er motsatsen til lyset og kva som er motsatsen til godheit.

Og samtidig eg vil og minne om at Persarriket for 2500 år sidan allereie var eit høgkulturelt samfunn med bibliotek, postsystem og hageanlegg med sjølvvatningssystem. Her til lands var vi i yngre bronsealder og på veg frå jeger- og sankarsamfunnet og over i jordbrukssamfunnet. I Amerika til dømes levde ulike indianarkulturar det ikkje er skrive så mykje om, for dei hadde berre munnlege tradisjonar.

KYROS DEN STORE blir sagt å vera den fyrste som viste respekt for grunnleggande menneskerettar heile vår sivilisasjon er tufta på i dag. Han ga til dømes jødane sitt eige rike, og i jødiske heilage skrifter er Kyros også omtala. Han var kjent for si audmjukheit, saktmodigheit og barmhjertige kjærleik. Det var hans store kraft. Lat ideala våre vera dette!

Lat oss hylle RETTFERD, TOLERAN-

SE, RAUSHEIT OG KJÆRLEIK i det 10-året som kjem! Lat oss vende ryggen mot dei som eggjar til krig, strid og øydelegging!

Eg trur på å lære av historia og av dei som var før oss. Eg trur at vi er i stand til å endre oss til betre. Menneskets val og mennesket si gjerning KAN endre historia og samfunnet vi lever i. Det viser historia oss. Og dette ber eg med meg.

Det gjer meg stolt å vite at eg har trossa menneskeskapte lover og hjelpt eit menneske som treng det – akkurat som dei som hjelpte jødejentane Anne Frank i Amsterdam under 2. verdskrigen. Dei braut også loven.

Eg trur at ved å gjera gode gjerningar, og strekke oss mot lyset, ved å vise nestekjærleik og toleranse handlar vi etter Gud, vår Far si lov: Og eg veit det finst trøyst for meg, Gunnar Stålsett og andre som oss. For i Händels Messias og Matteus evangelium 11:30 står det: «For mitt åk er godt, og mi bør er lett» - Amen.

Solbjørg Kvalshaugen



### Vi les Bibelen saman

Kvar andre søndag i månaden kl.18.00 inviterer vi til bibellesing i kyrkja. Dette er eit lavterskeltilbod der alle kan kome og høyre høgtlesing frå Bibelen. Ta gjerne med eigen bibel for å følge med. Vi fortset frå Markus-evangeliet og Apostelgjerningane. Vi syng ein salme som passar til teksten eller etter ynskje. Til slutt ber vi Fader Vår, og dette varer ein snau time. Neste lesingar er 10. mai og 14. juni og første samling til hausten er 13. september. Velkomen!

## Den gamle kraftstasjonen

I vår nabokommune Årdal ligg det eit steinhus som har ei interessant historie og liknar på ei borg.

Den som legg trimpuren forbi den gamle Kraftstasjonen i Øvre Årdal, vil sjå årstalet 1919 hogd i stein på fasaden mot vest. Stasjonen heitte opphavelag «Hjelpkraftverket» og skulle først og fremst levera straum til anleggsverksemda til A/S Tyinfaldene. Etter kvart fekk resten av Øvre Årdal knyta seg til. Dei første var grunneigarane som vart råka av utbygginga. Farnes Ungdomslag var også blant dei første sidan doktor Christoffersen på Lærdal nytta eit rom der når han hadde kontordag i bygda. Kapasiteten varierte med tilsiget i Tya og det kunne vera problem med is i inntaket om vinteren. Arbeidet med Moafoss-dammen og tilløpstunnelen tok til så tidleg som i 1913. Stasjonen kom i drift i juli månad i 1920

Kvifor bygde Tyinfaldene eit så flott bygg? Det var jo berre meint som ein provisorisk kraftstasjon, men fekk likevel 27 år driftstid. Først og fremst var det for anleggsarbeidet i fjellet. Det var eit tjuetals brakker spreidde langs tunnelane der det var tverrslag og ved dammane. Det gjekk med mykje ved til oppvarming og matlaging. Veden kosta selskapet kr 50,- pr. famn transportert på plass. Både matforsyningar og ved måtte fraktast opp så lenge vegen var open utover hausten og vara til vegen var farbar att. Straumen kunne nyttast til både koking, lys og varme og til tunnel-drifta med lys og ventilasjon.



Foto: Kolbjørn Nesje Nybø

Tidleg på 1900-talet var byggemåten påverka av nasjonalromantiske haldningar og jugendstilen. Fasadane vart bygde av hoggen stein, såkalla råkopp, som skulle føre tankane mot det norske grunnfjellet og borgar frå mellomalderen. Me trur det var Thorvald Astrup som teikna stasjonen som kan minna om ei middelalderborg i miniatyr. Han var ein av dei kjende arkitektane i si tid og har m.a. teikna Soria Moria kino i Oslo, var med på Såheim kraftstasjon på Rjukan og Tyssø I i Tyssedal. Heilt sikre i vår sak er me ikkje sidan dei opphavlege blå teikningskopiane med kvite strekar vart teikna over på nytt kopieringspapir i 1981. Den ivrige teikneassistenten utelet alle namn frå originalteikningane.

Ved å leita i meir enn 100 år gamle papir frå Tyinfaldene-perioden, finn me meir

om forhistoria til hjelpkraftverket. Hydro hadde eit komplett aggregat på Vemork som var levert i 1913 og som berre hadde vore i drift i om lag eitt år. Det vart vurdert om dette kunne nyttast i Årdal. Turbinen var konstruert for fallhøgde på 130 meter, men sidan høgda her berre var 59 meter så kunne den ikkje brukast. Det vart Myrens Verkstad i Kristiania som fekk leveringa på turbinen med yting 1.000 hk = 736 kW. Kontrakten vart underskriven 19.03.1918, var ferdig montert i november 1919 og prøvekøyrd med last den 19. og 20. 07.1920. Pris for turbin, regulator og opplagring for det 3 tonn tunge svinghjulet som vart nytta oppatt, var kr. 59.500,-

Kjelder:  
Saksmapper frå Tyinfaldene.

## Nye kondolanskort

Høre sokneråd ynskjer å lage nye kondolanskort, då det snart er tomt for dei vi har. Vi veit at det er mange habile fotografar i Vang, som tek nydelege bilete. Vi ynskjer Høre Stavkyrkje som motiv på kondolans korta. Vi inviterer derfor dei som har bilete av kyrka og miljøet rundt til å sende dei til Gunn Audhild Tørstad på e-post [gunn\\_audhild@hotmail.com](mailto:gunn_audhild@hotmail.com) innan 1.mai.

Redaksjonen  
ynskjer alle ei riktig  
god og solrik påske!

## Vi syng og spelar jula ut

12.januar var vi invitert til Heensåsen kirke til konserten «Vi syng og spelar jula ut»

Vangskoret med sin dirigent Veronika Kashina ønsket oss velkommen til konsert. Konserten åpnet med Preludium; «Juleklokker», en folketone fra Ukraina, arrangert av Håvard Sveås.

Vangskoret stilte opp og sang vakkert «Nordnorsk Julesalme» av Trygve Hoff, med Veronika som dirigent og Alistair Peters ved orgelet. Neste sang var den vakre «Kärlekens Tid».

Veronika med fiolin og Alistair på piano spilte så «Meditasjon» fra opera «Thais» av J. Massenet. Alistair fortsatte med en Parafrase over sangen: «Kim alle klokker» av Rudolph Magnus Forwald. Videre sang menigheten «Deilig er den himmel blå» salme nos 90. Så leste Solveig Heimlid en «Julefortelling», til glede og ettertanke.

Oddbjørn Skeie er en dyktig gitarspiller - denne kvelden spilte han en julemelodi fra Sør Amerika; «Vilincico de Navida» av Augustin Berrios. Videre spilte Oddbjørn sangen «I Wonder as I Wander» med sogneprest Ingebjørg Vik Lauga-


land som solist med sin flotte stemme. Vangskoret tok plass og sang «Auld lang syne» og «Frå himlen kom ein engel» med Ivar Søndrol som solist. Det var flott å høre! Med Veronika og Alistair på plass spilte de sammen, G. Cassini sin «Ave Maria», og Gabriel Faure sin «Après une reve», meget vakkert på fiolin og piano.

Så sang menigheten «Den store stjerna som steig i aust» salme nos 92. Det er flott å høre «det store koret syng». Videre spilte Veronika og Alistair meget vakkert Jay Ungar sin «Ashokan farewell». Det var som fløyel å høre. Nok en gang kom Vangskoret fram og sang «Høyr kor englar syng» og «Adeste fideles» med Alistair ved orgelet.

Menigheten ønsket å høre «Ashokan farewell» en gang til, og Veronika tok fiolinen og Alistair benket seg ved pianoet og de to spilte aldeles nydelig, til alles glede!

Til slutt reiste alle seg og sang «Deilig er jorden», denne salmen passet utmerket denne kvelden.

Vi har det utrolig bra her i Vang, med så



mange flotte og flinke musikere! Tusen takk for en strålende konsert! Tusen takk til Vangskoret og Veronika, som dirigent!

Tusen takk til Oddbjørn, Ingebjørg, Solveig, Ivar, Veronika og Alistair. I skrivende stund har jeg lyst til å si: Jeg/vi savner Veronika, som nå er organist i Lier. Takk for alt du gav oss!!

Ingebjørg Wigdel

## Årets fasteaksjon blir digital og er viktigere enn noen sinne

**Kirkens Nødhjelp sin årlige Fasteaksjon** er Norges nest største innsamlingsaksjon. I fjor samlet aksjonen inn 32 millioner kroner, et beløp som gir 160.000 mennesker tilgang til rent vann. 29. - 31. mars skulle 40.000 bøssebærere ha gått dør til dør for å samle inn penger for å gi sårbare mennesker tilgang til rent vann og god hygiene.

For å hindre spredning av koronavirus vil våre innsamlere i Fasteaksjonen ikke komme på døra. Dette betyr at pengene til årets fasteaksjon ikke samles inn dør til dør, men via Vipps 2426, via fasteaksjonen.no og på sosiale medier, særlig Facebook. Selvve aksjonen foregår før påske, men vi legger til denne informasjonen likevel, da det er mulig å sende penger også etter at aksjonen er ferdig.

- I en så krevende situasjon må vi stå sammen og hjelpe hverandre. Vi er alle sårbare nå. Hjelp oss å hjelpe de mest sårbare. Vær med å redd liv og støtt oss digitalt i årets fasteaksjon.



## Velkomen til nye kyrkjetilsette

### Artur Budvytis

1. februar starta Artur Budvytis som ny organist i alle kyrkjene i Vang.

Artur er født i Tallinn, Estland og starta å spele piano då han var 7 år gamal. Musikk har prega livet han i både utdanning og arbeid i forskjellige former. Piano og kordirigering er faga hans, men han har og studert bedriftsleiing og lover.

Artur er gift med Jovita, som og har musikkutdanning, og har piano og fiolin som fag.

Det er ikkje lett å leve av berre å spele musikk, så Artur har jobba i ei familiebedrift med handel, underhaldning, transport og logistikk. Jovita har vore litt meir i musikkbransjen med barn og unge, men og som musikkjournalist og som leiar i eit stort internasjonalt firma. Saman har dei sonen Rokas som er 18 år gamal. For 2,5 år sidan fekk Artur jobb som organist i Skjåk og Jovita på skulen i spesialpedagogisk avdeling, så då flytta familien dit og mor til Artur, Virginija, vart også med. Rokas går på

vidaregåande i Lom, så han og bestemor Virginija bur fortsatt i Skjåk.

Nå bur dei på Åsvang og trivst veldig godt. Ved sida av huset går lysløypa, så det var klart dei måtte kjøpe ski! Det er ikkje enkelt å begynne å gå på ski etter nesten 25 år pause, men dei er godt i gang.

Artur fekk og jobben som dirigent i Vangskoret, og saman har dei mange planer og ynskjer å bruke si musikalske erfaring i kulturlivet i Vang og i Valdres. Også med den internasjonale bedriftserfaringa ynskjer dei å vere aktive og nyttige i næringslivet.

### Olav Bøland

Olav begynte i kyrkjetenarstilling i Øye-kyrkjene og St. Tomas-kyrkja midt i mars, på same tid som alle aktivitetar vart avlyst, så han fekk ein rar start på jobben. Han har vore sommarhjelp på kyrkjegardane i fleire år, og no ville han prøve seg på teneste inne i kyrkja og. Musikk er ei stor interesse han har, saman med sykkelport. Vi ynskjer



velkomen, og håpar han får mange gode dagar i kyrkjene våre. Ola Bøland, Olavs far, vil heretter vere klokkar i desse kyrkjene

## Nye i kommunen

### Helse og omsorg

Anne Berit Hemsing er tilsett som konsulent ved Etat for Helse og omsorg frå januar 2019

Ingrid Fuchen Hoff er tilsett som lærling ved Etat for Helse – og omsorg frå august 2019

Jurgita Marciulatiene er tilsett som assistent ved kjøkkenet på Vangsheimen frå mars 2019

Eden Tekruray er tilsett som pleiemedhjelpar ved Vangsheimen frå mai 2019

Nicoleta Coada er tilsett som sjukepleiar ved Vangsheimen/Korttid frå november 2020

Maria Berge Dalemark er tilsett som assistent ved Vangsheimen frå mars 2020

Elise Skjolden Løvdokken er tilsett som vernepleiar i Miljøtenesta frå mars 2020

### Fredheim barnehage

Monika Tvenge Kjøs er tilsett som fagarbeidar ved Fredheim bhg frå januar 2019

Lene Rogn Andersen er tilsett som fagarbeidar ved Fredheim bhg frå januar 2019

Meresie Kedawi er tilsett som assistent

ved Fredheim bhg frå august 2019

Edith Helle er tilsett som pedagogisk leiar ved Fredheim bhg frå februar 2020

Tor-Egil Bråten Nøklegård er tilsett som pedagogisk leiar ved Fredheim bhg frå mars 2020

### Kommunehuset

Gunnhild Sunnbotten er tilsett som driftsoperatør ved Vatn - og avløp frå mai 2019

Henning Grythe Nygard er tilsett som byggesaksbehandlar frå juni 2019

Ingeborg Lunde er tilsett som arealplanleggar frå juni 2019

Erlend Haaverstad er tilsett som rådmann frå august 2019

Silje Lindstad Gullberg er tilsett som sekretær på Kommunehuset frå oktober 2019

Ole Martin Alfstad er tilsett som økonomisjef frå november 2019

Elisabeth Harrang er tilsett som etatsjef Landbruk/Teknisk frå februar 2020

Bjørnar Sæthershagen er tilsett som rådgjevar for Landbruk og miljø frå februar 2020

### VBU

Kristian Jægersborg er tilsett som lærar ved VBU frå august 2019

Mina Synøve Haaverstad er tilsett som lærar ved VBU frå august 2019

Linda Kjørlien er tilsett som lærar ved VBU frå august 2019

Anne-Guri Søndrol er tilsett som lærar ved VBU frå august 2019

Haakon Møller Wahlquist er tilsett som lærar ved VBU frå august 2019

Aud Kolltveit er tilsett som lærar ved VBU frå august 2019

Eli Belsheim er tilsett som lærar ved VBU frå august 2019

Telnis Skuqi er tilsett som badevakt frå november 2019

### Kultur

Anders Daae Mæland er tilsett ved kulturskulen frå august 2019

Dag Inge Bruflot er tilsett som dirigent for Fjellblom frå januar 2020

Arturas Budvytis er tilsett som dirigent for Vangskoret frå februar 2020

Kristin Venås er tilsett som leiar for Vang læringscenter frå april 2020

Vår på Frivilligsentralen og biblioteket



2020 er godt i gong, og på biblioteket og frivilligsentral har det vore full fart – fram til vi i skrivande stund stenger på ubestemt tid grunna koronaviruset (13. mars).

**Konsertar**

Vi har hatt konsert med Oddbjørn Skeie og Gyda Grøndalen, og vi har feira morsmålsdagen med ein konsert med Kouame Sereba og mange flotte dikt og songar på 8 ulike språk. Vi er heldig som har heile verda i vesle Vang!

**Frivillige**

Ingen arrangement utan frivillig hjelp – her er Khosro, Alexandr, Daniel og Daniel som hjalp til med å rigge til morsmålsdagen.

**Sjakk**

I vinterferien var det mange både små og store som fikk lære å spele sjakk, og som fikk ein smakebit av gamle og nye spel på gamingverkstaden!

**Kurs og foredrag**

I år har frivilligsentralen ekstra fokus på «Mestring og læring», med prosjektmidlar frå Gjensidigestiftelsen. Vi starta året med eit foredrag om «Kunsten å ikkje kaste mat» med Thomas Horne, vi har hatt skredkveld på Intersport Fillefjell med Leif Øyvind Solemsli, og eit kommunikasjon- og presentasjonskurs med Nina Schjeide. Til hausten har vi planar om fleire kurs og verkstader. Vi blir veldig glade for innspel og ønskjer frå folk i bygda, til kva de ønskjer å lære meir om!

**Korona**

På grunn av koronaviruset er arrangementa ut april avlyst eller utsett, kva som skjer med resten av vårprogrammet er i skrivande stund uvisst. Vi ber dykk følgje med på nettsidene eller facebookssidene våre for meir info etter kvart.

**Utstyrssentral**

Kommunestyret vedtok i februar å opp-



rette ein utstyrssentral i Vang. Frivilligsentralen og biblioteket jobbar med planane, saman med mange gode samarbeidspartnarar. Har du innspel til kva slags utstyr som trengst, eller har du lyst til å vere med å bidra? Ta gjerne kontakt!

Då ønskjer vi dykk alle ei riktig god påske! Opningstider i påska veit vi i skrivande stund ikkje – sjekk våre nettsider eller facebooksider

**Helsing Marte og alle på biblioteket**

## Tunellvandring

27. januar 2020 inviterte Statens vegvesen bygdefolket til omvisning i Røddølstunellen, som fortsatt ikke var åpen for gjennomgangstrafikk. Omkring 130-150 voksne og barn ble kjørt inn i tunellen med JVB buss. Mannskap fra Statens vegvesen gav oss en god innføring i det tekniske utstyret som tunellen er utstyrt med. Blant annet vil trafikken gjennom tunellen overvåkes kontinuerlig av vegtrafikksentralen. Det var flott å gå i tunellen, og det blir riktig flott å kjøre gjennom den, når den åpner en gang ut på våren.

Etter hvert som vi gikk hørte vi noen synge, Ja, vi elsker, etterfulgt av Brudemarsj fra Lødingen, Brudemarsj frå Vang, og til sist en sang fra Knutsen og Ludvigsen, som passet godt der vi ble stående og lytte. Sangen var «Ku i tunellen», i en omskrevet versjon. Det var Vangskoret, med dirigent Veronika Kashina, som med flott akustikk i tunellen hadde en liten konsert.

Vangskoret hadde også fått ansvar for mat og drikke til alle som kom inn. Det ble servert rikelig med kake, kringle, kaffe, te og saft. Til stor glede for oss som var tilstede. Etter mat gikk vi videre gjennom tunellen og over den nye broen.

Takk for informasjon og takk for god servering!

Ingebjørg Wigdel

### «Ku i tunellen» i ny versjon

Se der kommer det en bil i tunellen sammen med en liten moped. Hva gjør de to her så sent på kvelden? Hvorfor er de sammen tro?

Er det Tesla eller er det Lada?  
Er den farlig eller ikke?  
Er det traktor,  
kanskje det er John Deere?  
Skal den pløye eller så?

Skal den pløye eller frese  
som den gjør når den skal ut?  
Å silosvans, å silosvans  
– **Vidar**, gi en tut! (TUT)

Se der kommer det en sau i tunellen, og en dumper i fra Strabag, kanskje har den jobbet i tunellen for den ser litt svimmel ut.



Foto: Sven Ingar Moen



Foto: Helge Rønningen



Foto: Sven Ingar Moen



Foto: Sven Ingar Moen

### Kondolanskort

Kondolanskort er å få kjøpt hjå Coop Fjellvang, Bygger'n Øye, Joker Filefjell og hjå Vang Autoservice.

Helsing  
Vang og Øye  
Sokneråd

### Kondolanskort

Kondolanskort kan kjøpast hjå Arne Straum og hjå Joker Ryfoss.

Helsing  
Heensåsen og Høre  
sokneråd

## Slekters Gang

### Øye sokn

#### Dåp:

Dåp i St.Tomaskyrkja:  
01.03.20: Matheo Trøen Nyvoll

### Vang sokn

#### Vielse:

31.12.19: Guro Dalåker og  
Gorm Engen

#### Død:

09.03.20: Tordis Heiene

### Heensåsen sokn

#### Død:

25.12.19: Ola Nordsveen

### Høre sokn

#### Død:

10.02.20: Marit Bunde

### Stiftinga for Torgeir Førs minne

Stiftinga Torgeir Førs minne deler ut midlar til personar som tek kristen utdanning og til ungdom som deltek på kristne leirar eller kurs. Friviljuge lag og organisasjonar som driv kristent arbeid for born og ungdom kan også søkja. Søkjarane må vera frå Vang eller Vestre Slidre. Søknad kan sendast til:

Torgeir Førs minne,  
Ellestadvegen 34, 2967 Lomen  
eller e-post: torgeirforsminne@yahoo.no

### Bruk bygdas egne bedrifter

Ala Camping	93 42 94 02	Kvismo Sag AS	61 36 81 85
Alle Gode Ting Er Tre	48 09 59 48	Mjøsvang Kafe	99 56 70 54
Bøflaten Camping AS	61 36 74 20	Ola Grøv – kontor og regnskap	61 36 77 13
Bjørke Direkt, v/ Eivind Dahl	91 79 71 97	Pelssau, Bente Wangensteen	99 71 43 18
Bjørn Bjørneseth Inst.	41 51 98 72	Rogn Bil og landbruk	
Bjørn Hammerstad Transport	90 84 15 00	v/Odd Harald Rogn	61 36 82 16
COOP PRIX avd. Fjellvang	61 36 75 30	Ryfoss Bensin & Service	61 36 82 30
Egges Mekaniske AS	91 19 29 14	Ryfoss Betong A/S	61 36 44 00
Elektrisk Installasjon AS, v/Kjell Arne Dalåker	61 36 70 56	Ryfoss Treningssenter	48 12 42 52
Elektromontasje, v/Vidar Wangensteen	48 26 73 64	Sørre Helsing	61 36 72 70
El-Montøren AS v/Tørris Helle	90 96 83 00	Tveitabru Bygg AS	61 36 81 02
Filefjell Kjøpesenter, v/Arnfinn Hermundstad	61 36 77 17	Tyin Filefjell Skiheiser	46 66 56 65
Fosse Frisorstudio	94 89 12 05	Tyin Filefjell Utvikling AS	61 36 77 48
Grindaheim Bygg & Restaurering v/ Bøye Kvale	91 30 13 14	Tyinkrysset Fjellstue AS	61 36 78 00
Harald Thomas Jevne, Tømrer	48 29 29 06	Tyinlam	99 46 61 15
Haukåsen Sølvis Saum	95 91 55 06	Valdres Gjensidige Brannkasse	61 36 07 11
Heen Tre - Nils Harald Heen	90 93 29 57	Valdres Gravsteinsindustri	95 17 55 95
Helsing Maskin AS	99 23 03 36	v/Jon Magnus Hjelte	
IngWi modell	91 78 01 38	Vang Auto-service AS	61 36 75 00
Ingridesign: logo & layout	91 71 05 40	Vang Bunadsaum	61 36 70 37
Intersport Filefjell AS	61 36 73 46	Vang Bygg AS v/John Myhre	97 51 95 37
Joker Ryfoss AS	61 36 80 77	Vang Grave- og Transport- service AS	95 87 90 04
Jotun Bygg AS	99 69 06 30	Vang Maskin AS	91 10 19 28
Jotun Kraft AS	61 36 75 50	Vang Rør	99 52 22 22
Kampenens Begravelsesbyrå	61 36 17 70	Valdres Sparebank, Vang	61 34 36 00
		Øye Bygg og Bo AS	61 36 87 68

FRIST  
FOR INNSENDING AV  
STOFF TIL NESTE UTGAVE  
20. MAI

## MENIGHETSBLAD FOR VANG

### Utgjevar:

Sokneråda i Vang

### Redaksjon:

Sidsel Offergaard Jevne, Guro Hovda,  
Ragnhild Hovda, Ivar Helsing,  
Ingebjørg Vik Laugaland.

### Redaktør:

Ingebjørg Wigdel

vangmenighetsblad@gmail.com

### Rekneskap:

Kyrkjeleg fellelsråd  
Kontonummer: 2146.30.04444

### Merk:

Bladpengar kr. 200,- og oppover  
Annonse kr. 200,- pr. år

Trykkes i 900 eks. fullfarge.

# Gudstenesteliste

**5. april – Palmesøndag**

**Haukåsen kl. 13:00**

v/sokneprest Vatn og organist Budvytis.  
Takkoffer.

**8. april – onsdag i den stille veka**

**Vangsheimen kl. 13:00**

Nattverd gudsteneste v/ sokneprest  
Laugaland og organist Budvytis.

**9. april – Skjærtorsdag**

**St. Tomaskyrkja kl. 12:00**

Gudsteneste v/ Lærdalsprest Wenche Lie  
Lysne og organist Budvytis.  
Nattverd. Takkoffer

**9. april – Skjærtorsdag**

**Høre stavkyrkje kl. 19:00**

Gudsteneste v/ sokneprest Laugaland og  
organist Budvytis. Nattverd.

**10. april – Langfredag**

**Børrelia kl. 12:00**

Friluftsgudsteneste v/ sokneprest  
Laugaland og organist Budvytis.

**11. april – Påskenatt**

**Heensåsen kyrkje kl. 23:00**

Påskenattsmesse v/ sokneprest Laugaland  
og organist Budvytis.

**12. april – Påskedag**

**Vang kyrkje kl. 11:00**

Høgtidsgudsteneste v/ sokneprest  
Laugaland og organist Budvytis.  
Nattverd og Takkoffer

**12. april – Påskedag**

**St Tomaskyrkja kl. 12:00**

Gudsteneste v/Anny Holien

**13. april – 2. Påskedag**

**Høre Stavkyrkje kl 11:00**

v/ sokneprest Laugaland og organist  
Budvytis. Påskevandring for alle,  
7- åringane særleg invitert

**19. april – 2. søndag i påsketida**

Ikkje gudsteneste

**26. april – 3. søndag i påsketida**

**Heensåsen kyrkje kl. 11:00**

Gudsteneste v/ sokneprest Laugaland  
og organist Budvytis. Takkoffer og  
nattverd

**29. april – onsdag**

**Morgonsong Vang kyrkje kl 10:30**

v/ sokneprest Laugaland og organist  
Budvytis.

**1. mai – Høgtidsgudsteneste**

**Vang kyrkje kl 11:00**

v/ sokneprest Laugaland og organist  
Budvytis.

**3. mai – 4. søndag i påsketida**

**Øye kyrkje kl. 19:00**

Gudsteneste v/ Tårnagentane,  
sokneprest Laugaland og organist  
Budvytis. Takkoffer

**6. mai – onsdag**

**Morgonsong Vang kyrkje kl 10:30**

v/ sokneprest Laugaland og organist  
Budvytis.

**7. mai – torsdag**

**Andakt Vangheimen kl 13:00**

v/ sokneprest Laugaland og organist  
Budvytis.

**10. mai – 5. søndag i påsketida**

Ikkje gudsteneste

**17. mai – Grunnlovsdag**

**Vang kyrkje kl. 10.30**

Festgudsteneste v/ sokneprest Laugaland  
og organist Budvytis. Takkoffer

**21. mai – Kristi Himmelfartsdag**

**Heensåsen kyrkje kl. 11:00**

Misjonsgudsteneste  
v/ sokneprest Laugaland og organist  
Budvytis.

**24. mai – Søndag før pinse**

**Høre stavkyrkje kl. 11:00**

Overhøyringsgudsteneste konfirmantane  
v/ sokneprest Laugaland og organist  
Budvytis. Takkoffer

**31. mai – Pinsedag**

**Vang kyrkje kl. 11:00**

Høgtidsgudsteneste v/ sokneprest  
Laugaland og organist Budvytis.  
Nattverd og takkoffer

**1. juni – 2. Pinsedag**

**Øye kyrkje og Stavkyrkje**

Pinsevandring kl 11:00

v/ sokneprest Laugaland og organist  
Budvytis. Alle velkomne, 10-åringane  
særleg inviterte

**3. juni – onsdag**

**Morgonsong Vang kyrkje kl 10:30**

v/ sokneprest Laugaland og organist  
Budvytis.

**4. juni – torsdag**

**Andakt Vangheimen kl 13:00**

v/ sokneprest Laugaland og organist  
Budvytis.

**6. juni – laurdag**

**Øye kyrkje kl 11:00**

Konfirmasjonsgudsteneste  
v/ sokneprest Laugaland og organist  
Budvytis. Takkeoffer

**7. juni – Treeiningssøndag**

**Vang kyrkje kl 11:00**

Konfirmasjonsgudsteneste  
v/ sokneprest Laugaland og organist  
Budvytis. Takkeoffer

**13. juni – laurdag**

**Heensåsen kyrkje kl 11:00**

Konfirmasjonsgudsteneste  
v/ sokneprest Laugaland og organist  
Budvytis. Takkeoffer

**14. juni – 2. søndag i treeiningstida**

**Høre Stavkyrkje kl. 11:00**

Konfirmasjonsgudsteneste  
v/ sokneprest Laugaland og organist  
Budvytis. Takkeoffer

## KORONA OG KYRKJA

Me håpar sjølv sagt at du hadde tenkt deg på  
gudstenestene i påska. Me har iallfall både planlagt og  
gleda oss til det.

I år ser det likevel ut til å bli heilt annleis. Me kan  
og skal ikkje møtast. Me kan og skal på denne  
måten hjelpe kvarandre med å dempe smitten av  
koronaviruset.

Ein av våre muligheter er å sende påskegudstenestene  
våre på Facebook-sida vår: Kyrkja i Vang. Difor gjer

me det. Kyrkja i Vang sender gudstenestene på FB-  
sida vår «Kyrkja i Vang» på dei tidspunkta som er  
oppsette i gudstenestelista.

**Følg oss der i år!**

**Kun desse påskegudstenestene går heilt ut:**

Vangsheimen onsdag i den stille veka, St. Tomaskyrkja  
skjærtorsdag og påskedag, og påskevandringa i/ved  
Høre Stavkyrkje 2. påskedag. **God påske.**

**Ingebjørg Vik Laugaland**